

SAK 38/19 TANNHELSETENESTA I I HALLINGDAL

Saksopplysning

Tannhelsetenesta i Hallingdal har ved fleire høve vore drøfta. Seinast i samband med uttale til Klinikstrukturplan 2013 – 2023, vedlegg 1.

Med bakgrunn i oppslag i Hallingdølen 18.6.2019 (vedlegg 2) og spørsmål frå Anne Sandum (Ap) i Buskerud fylkesting fylkestinget 19.6.2019 blir saka teke opp til drøfting.

Ål 21.6.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Uttale, Tannhelsetjenesten i Buskerud FKF, Klinikstrukturplan 2013 – 2023, dat.18.9.2013
2. Artikkel Hallingdølen 18.6.2019
3. [Spørsmål frå Anne Sandum \(Ap\) i Buskerud fylkesting vedr. mangel på tannlegar i Hallingdal](#)

FORSLAG UTTALE

Tannhelsetjenesten i Buskerud FKF, Klinikstrukturplan 2013 - 2023

1. Regionrådet for Hallingdal vil innleiingsvis syne til dei overordna måla for helse- og omsorgstenester. Styremaktene sitt mål er likeverdige tilbod av helse- og omsorgstenester uavhengig av diagnose, bustad, personleg økonomi, kjønn, etnisk bakgrunn og den enkelte sin livssituasjon. Helse- og omsorgstenestene skal tilby kvalitativt gode helse- og omsorgstenester til alle. Måla gjeld uavhengig av kven som yter tenestene og korleis tenestene blir finansiert.
2. I St.meld. nr. 35 (2006–2007) «Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning Framtidas tannhelsetjenester» blir det klart uttrykt mål om å oppnå likeverdige tilbod av tannhelsetenester. *«Det innebærer å gjøre tjenestene bedre tilgjengelig for de som trenger det mest, sett i lys av bosted, personlig økonomi, etnisk bakgrunn og den enkeltes livssituasjon. Det overordnede målet er utjevning av sosial ulikhet i tannhelse. Det vil si å hjelpe dem som trenger det mest.»*

Det er vidare føresett at det er tilstrekkeleg med kvalifisert personell i heile landet. Og det blir sagt: *«Geografisk tilgjengelighet i hele landet med tilstrekkelig personellressurser er en vesentlig forutsetning for å kunne oppnå likeverdighet og sosial utjevning. Regjeringen vil gi dette området høyeste prioritet.»*

3. Regionrådet for Hallingdal vil og peike på Kommunal- og regionaldepartementet sine uttalte strategiar om distriktssatsing i område med lange avstandar til regionale sentra, vedvarande tilbakegang i folketall og et sårbart næringsliv. Satsinga skal ha særleg fokus på gode tenester og velferdstilbod, attraktive lokalsamfunn, samt næringsutvikling.

I denne samanheng er og Buskerud Fylkeskommune ein viktig medspelar for Hallingdal m.a. i forhold til satsinga på bulyst. I regional planstrategi 2013-2016 vedteke av fylkestinget i Buskerud 6. desember 2012 blir visjonen for Buskerud sin regionale planstrategi vidareført: «Et bærekraftig og innovativt Buskerud som fremmer næringsutvikling og bolyst». I kulepunktta under visjonen blir det beskrive ynskje om attraktive lokalsamfunn.

4. Regionrådet for Hallingdal har gjennom si satsing Hallingdal 2020 klare mål for rekruttering av arbeidskraft og å legge til rette for nye arbeidsplasser i heile Hallingdal, som ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion. I ein slik samanheng er attraktive lokalsamfunn grunnleggjande.
5. Høyringsdokumentet om Tannhelsetjenesten i Buskerud FKF – Klinikstrukturplan 2013 – 2023 er etter Regionrådet for Hallingdal sitt syn ikkje i tråd med nasjonale satsingar, heller ikkje med visjonen i Buskerud Fylkeskommune sin planstrategi og Regionrådet for Hallingdal si satsing Hallingdal 2020. Ei stadig nedbygging av tilbod der det blir arbeid for å auke attraktiviteten er direkte sjølvmotseiande.
6. Høyringsdokumentet er etter Regionrådet sitt syn særdeles einsidig i framstillinga og fokuserar på problematikk rundt tilsetting av tannleger utan å beskrive utfordringar i lokalsamfunn dersom tannhelsetenestene blir flytta.
Kven skal:
 - Følgje små barn til tannlegen fleire mil unna barnehage, skule?
 - Betale kostnaden for tapt arbeidsforteneste for foreldre/pårørande?
 - Dekke kostnadane til transport for dei i målgruppe med ledsagarar?

Det kan og vera på sin plass å syne til eit svært mangelfullt kollektivtilbod, der ein kan risikere at barn blir borte store delar av skuledagen for å koma seg til tannlegen.

Følgjande utsegn i høyringsdokumentet verkar lite gjennomtenkt:

«Forslaget til ny klinikkstruktur vil i et samfunnsøkonomisk perspektiv gi gevinst gjennom ressursutnyttelse og mulighet for lokale tilpasninger til brukernes behov.»

7. Tannhelse er førebels ikkje teke inn i samhandlingsreforma. Det kan vera nyttig å sjå på alle utgreiingar som er gjort i samhandlingsreforma, ei reform med fokus på å sentralisere det ein må og desentralisere det ein kan. Fokus på pasient og behandling så nær heimen som mogeleg. Det er utgreidd og iverksatt ambulante tenester både i kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

8. Regionrådet for Hallingdal ynskjer og å peike på Handlingsprogram for Tannhelsetjenesten i Buskerud FKF 2011-2014, der det m.a. står:
Sentralisering er politisk utfordrende og må vurderes nøye i hvert enkelt tilfelle. I mange strøk av Buskerud blir avstandene lett så store mellom klinikkene at tilgjengeligheten ikke blir ivaretatt. Da kan det være riktig å bevare en enmannsklinikk som en ambuleringsklinikk.

Regionrådet vil heller ikkje unnlate å nemne hovudmål 2 i gjeldande handlingsprogram:
Utvikle et tidsmessig klinikktilbud i hensiktsmessig nærhet av der folk bor eller arbeider

Forslag til ny formulering er: *Utvikle et hensiktsmessig og moderne klinikktilbud Tannhelsetjenesten i Buskerud FKF skal levere tjenester av høy kvalitet.*

9. Det blir peikt på at: *Å rekruttere til tjenesten og beholde personell slik at vi kan opprettholde et tilbud på eksisterende nivå og samtidig løse de nye oppgavene vi står overfor, er en av tannhelsetjenestens hovedutfordringer.*
Regionrådet for Hallingdal har i mange år arbeid med rekrutteringsproblematikk og vil påstå at det ikkje nødvendigvis er storleiken (folketalet) i våre små kommunar som bestemmer kor lett det er å rekruttere fagpersonell. Når fyrst nokon vil bu i distrikta er det svært ulike parameter som er avgjerande for kor ein buset seg, og det er ikkje nødvendigvis kor tett det er med kaféar.
Hallingdal har god erfaring å arbeide felles i samband med rekruttering av ulike yrkesgrupper. Regionrådet for Hallingdal gjer gjerne ein inn sats med tanke på rekruttering av tannhelsepersonell både på kort og lang sikt.
Som eit fyrste trinn vil tannhelsetenesta i Buskerud bli invitert til å ha stand på yrkesmessa for Hallingdal som går av stabelen 12 – 13.november 2013.
10. Forslag til klinikkstrukturplan, med dei løysingane som er skissert er etter Regionrådet for Hallingdal sitt syn ikkje i tråd med målretta satsing for å auke attraktiviteten i heile Hallingdal. Planen er dårleg utgreid i forhold til kostnadsdekning og ulemper for skule, elev, pasient og foreldre/pårørande.
Regionrådet for Hallingdal ynskjer å koma i dialog med tannhelsetenesta i Buskerud for å finne fram til framtidretta løysingar for heile Hallingdal.

Ål 18.9.2013

Regionrådet for Hallingdal



TOMT: Skuleelevar i Flå har for tida ingen tannlege å gå til. (FOTO: ARKIV)

Flå manglar skuletannlege

■ Unge kandidatar vil ikkje jobbe åleine

Mangel på skule-tannlegar bekymrar.

– Det er svært alvorleg, seier Flå-ordførar Tor Egil Buøen.

ARNE O. LINDAHL
aol@hallingdolen.no

Skuletannlegen i Nes og Flå har barselpermisjon. Men ingen vikartannlege er på plass.

– Det er elevar som ikkje har vore hjå tannlegen sidan jul, seier Buøen.

– Me har søkt etter vikar to gonger, men det er ikkje søkjarar, forklarar assisterande fylkestannlege, Marianne Moi.

Ingen søkjarar

– Me har det same problemet på Geilo. Det er ingen søkjarar til den stillinga heller, seier Moi.

– Kva er problemet?

– Unge tannlegar vil ikkje jobbe på einmannsklinikkar.

– Kva blir gjort?

– For å avhjelpe situasjonen er det tannlegar som av rein godvilje dreg til Nes og tek nokre økter der i fire veker. Då må elevane i Flå dra til Nes. Men situasjonen i Nes og Flå blir løyst etter kvart når skuletannlegen kjem tilbake frå permisjon. Elevane på Geilo må dra til Gol. Der har me også hatt ein ambulerande tannlege. Elles har me bestemt at me vil auke kapasiteten på Ål og opprette ei ny fast stilling der.

I Flå har dei tidlegare måtta kjempe for å behalde tannklinikken.

– Det er fylkeskommunen som har ansvaret ettersom tannhelsetenesta er organisert i eit eige kommuneforetak, seier Buøen.

Kommunen skal ikkje drive tannklinik, men Buøen seier

at kommunen kan leggje til rette for at ein privatpraktiserande tannlege kan kome til kommunen for ein kortare periode og eventuelt inngå driftsavtale med foretaket.

Seier nei

Han har bede fylkesordførar Roger Ryberg og fylkesvaraordførar Olav Skinnnes ta dette opp med det fylkeskommunale Tannhelsetenesten Buskerud FKF.

Men også der er fortvilninga stor. Dei søker etter vikarar, men får ingen søkjarar, understrekar Marianne Moi.

– Bør tannhelsetenesta i Hallingdal sentraliserast?

– Ved å gjere det får me eit fagmiljø. Men det er ikkje aktuelt fordi politikarane har sagt at det vil dei ikkje. Derfor må me leve med denne situasjonen til ei annan løysing blir akseptert, seier Marianne Moi.

Fryktar tomme butikkar

Burger King og Elkjøp på Storøyne, kan resultere i butikkdød i Gol sentrum.

TOR FOLGERØ
tf@hallingdolen.no

Det fryktar Høgre-politikar Roger Toppen i Gol. Han er sterkt kritisk til at fylkesutvalet i Buskerud aksepterer frislepp av varehandel på Storøyne og Vikojordet.

Sist veke vart det kjent at fylkesutvalet i Buskerud aksepterer at Gol kommune vil leggje til rette for såkalla «volumvarer» i randsona til sentrum, sjølv om dette er i strid med regionale føringar.

– Dette stemmer jo ikkje

Laurdag gav ordførar Heidi Granli uttrykk for at ho var glad for at fylkespolitikarane lytta til dei folkevalde i Gol. Ho sa at det var eit samrøystes formannskap som sende kommunedelplanen ut på høyring etter 1. gongs behandling i fjor vår.

– Me er samde om retninga og kva som er den ønska utviklinga av tettstaden Gol. Og no har me fått aksept for at planane våre kan gjennomførast, sa ho til Hallingdølen laurdag.

– Men dette stemmer jo ikkje, seier Roger Toppen, gruppeleiar i Høgre. – Det er ikkje riktig at politikarane er «samde om retninga». Det er heller ikkje rett det ho sa om at alle parti har lobbyert inn mot fylkespolitikarane. Som gruppeleiar i Gol Høgre er eg ikkje kjent med at partiet mitt har lobbyert for dette. Då er det i så fall nokon som har jobba på eiga hand, seier han.

Mindretelet røysta imot

Toppen seier han har vore kritisk til det retningsvalet som er lagt for utviklinga av handelsstaden Gol. Han var rett nok del av eit samrøystes formannskap som la kommunedelplanen ut på høyring i fjor vår. Men sidan den tid har kommunen fått inn mange

høyringssvar. Kommunen har også gått i forhandlingar for å løyse innvendingane frå fylkesmannen og fylkeskommunen. Då forhandlingsresultatet vart lagt fram for formannskapet i april, var det eit mindretal på to Høgre-politikarar som røysta imot.

– Me står ikkje samla bak retningsvalet, seier Toppen.

Høgregruppa er delt

Han vedgår at internt i Høgre er gruppa delt i synet på utviklinga på Vikojordet og Storøyne. Dei to som møtte sist saka var oppe i formannskapet, er kritiske til eit frislepp av handel utanfor sentrum. Dei fryktar at fylkespolitikarane no har gitt aksept for ein politikk som vil føre til butikkdød i sentrumsgata.

– Eg veit at også menigmann i Gol er skeptisk til denne utviklinga. Eg synest det er rart at så få av dei folkevalde har fått med seg dette. Folk er redde for at sentrum blir tomt for butikkar. Det er ei tettstadutvikling me har sett mange stader i Norge. Du treng ikkje vere rakettforskarar for å sjå at det same kan skje her, seier Toppen.

Flyttar frå sentrum

Alt i fjor haust starta Biltema å bygge nytt varehus på Storøyne. Laurdag vart det kjent kven som blir dei tre neste, Burger King, Uno-X og Elkjøp. Elkjøp har i dag butikk i Gol sentrum, men ønskjer ei betre plassering tettare Rv7.

– Eg er redd dette berre er starten på ei utvikling me vil sjå meir av i åra som kjem. Tomme butikklokale i sentrum kjem til å bli vanskeleg å fylle. Og kva gjer kommunen den dagen ei av dei store daglegvarekjedene tek kontakt for å etablere seg? Har kommunen då mot til å stå imot?, spør Toppen.

NYE PEUGEOT PARTNER ALLEREDE EN VINNER

Fra **165.900,-** ekskl. mva.

PEUGEOT i-Cockpit® med 8" skjerm

Multifunksjons-seter, til 3 personer

Opptil 1000 kg lastekapasitet / 1500 kg hengervekt



Nå også tilgjengelig med 4x4!

Forbruk blandet kjøring fra 0,42 l/mil, CO₂-utslipp fra 112 g/km. Frakt- og leveringskostninger forhandler tilkommer. Forbehold om trykkfeil. Bildet er illustrasjons- foto, utstyr kan avvike. Importør Bertel O. Steen AS.

HALLINGDAL
BILSENTER AS/S

Hallingdal Bilsenter AS
Elvevegen 2, 3550 Gol
Tlf.: 32 07 99 30 • www.hallingdal-bilsenter.no



PEUGEOT